

FADNES BRO OG STRAUMABRUA

FADNES BRO

Steinkvelvbruer er ein svært gamal byggjemåte. Murte kvelv- og bogekonstruksjonar er kjent frå Egypt og dei gamle kulturane i Midtausten, men det var romarane som for alvor tok i bruk og utvikla teknikken til eit ekstremt høgt nivå både innanfor arkitektur og i meir reine nyttebyggverk som t.d. bruer. Med romarane nådde denne byggjemåten også vår kultursfære, gjennom utstrakt bygging av vegnett og bruer nordover i Europa.

Nøyaktig kva tid dei første steinkvelvbruene vart bygt her i landet veit ein ikkje, men ein reknar med at byggjemåten vart teken i bruk i Mellomalderen. Den eldste steinkvelvbrua me kjenner er Smedbrua ved Kongsberg, bygt i 1624. Men det skulle gå lang tid før det vart noko større vegbygging her i landet. Først ut på 1800-talet skaut det fart i vegbygginga, med større krav til transport. Framleis var det hest og kjerre som var reiskapen. I perioden 1880-1900 vart det bygt svært mange steinkvelvbruer her i landet, kanskje dei fleste som me kjenner til i dag.

STEINKVELVBRUENE I TEIGDALEN

Det fins 2 godt bevarte steinkvelvbruer her i Teigdalen: Denne, som fekk namnet Fadnes bro, og Straumabrua sør for Brekkhus. Desse 2 bruene er svært like i byggjemåte. Ein reknar med at det er dei same folka som har bygt begge bruene, og at dei vart bygt nokolunde på same tid. Me kjenner årstalet for Straumabrua: 1894 (sjå foto). Det er sannsynleg at denne, Fadnes bro, vart bygt først. Dersom ein reknar ca 2 års byggetid på kvar, kan ein gå ut frå at begge vart bygt i åra 1890-1894.

Men her på staden har vore bru lenge før den tid. Me veit at postvegen mellom Horvei og Evanger gjekk her, dvs. når det ikkje var framkomeleg på Evangervatnet. Dei måtte kryssa elva her for å koma vidare. Postgangen mellom Bergen og Oslo kom i gang allereie i 1647. Det fins ei gamal registrering av bruer langs postvegen i Watzværens Thinglag. Her finn ein oppført Fadnes bro, bygt i 1767. Den var 36 alen lang. Det står og oppført at dei som bygde den var bondene frå

1767. Det er ikkje sikkert om det er den same brua som me kjenner til i dag.

1767. Det er ikkje sikkert om det er den same brua som me kjenner til i dag.

STONE ARCH BRIDGES IN TEIGDALEN

FADNES BRIDGE OG STRAUME BRIDGE

FADNES BRIDGE

Stone arch bridges are made following a very old construction method. Arched and curved brick constructions came to use over 3000 years ago and are known from Egypt and the ancient cultures in the Middle East, but it was the Romans that really started to utilize and develop the technique to an extremely high standard, in both their architecture and more practical constructions such as bridges. Through their extensive building of road networks and bridges in the north of Europe, it was with the Romans that this construction method also reached our cultural sphere.

We do not know exactly when the first stone arch bridges were built in Norway, but it is deduced that the construction method was used in the Middle Ages. The oldest stone arch bridge we know is Smedbrua Bridge in Kongsberg, built in 1624. It was only in the 19th century that we saw any major road constructions take place in this county, due to the increased requirements for transport. In the period between 1880-1900, as the horse and carriage was the mode of transport, a lot of stone arch bridges were built in Norway; perhaps most of the ones we know today.

THE STONE ARCH BRIDGES IN TEIGDALEN

There are two well preserved stone arch bridges here in Teigdalen: this one, the Fadnes Bridge, and the second is the Straumabrua Bridge south of Brekkhus. These two bridges were constructed in a very similar way and it is assumed that they were built by the same people, at approximately the same time. It is likely that this bridge, Fadnes Bridge, was built first. We know the Straumabrua Bridge (in the photo) was built in 1894. If we approximate that it took 2 years to build each bridge, we can estimate that they were both constructed between 1890-1894. These stone arch bridges were built by locals, one of whom we know was named Nils Flansås Lien. Nils and his fellow masons were exceptionally skilled craftsmen. This is evident from these bridges and all other constructions in Teigdalen.

What is extraordinary about these particular two bridges is the gentle arch. There are no other known bridges in Norway with such a "flat" arch; nevertheless, they are exceptionally strong. The bridges are now more than 120 years old and no weak points can be found in either of them. It is likely that they will remain standing for several hundred years to come. The bridges hardly need any maintenance. Excluding floods, the only thing likely to damage them are the tree roots that may grow into the construction. Careful measures are taken to prevent this from happening.

Fadnes til Bjørndalen og bondene frå Fosse til Gullbrå i Eksingedalen. Dette var ei trebru, kanskje såkalla utleggsbru. Under landkaret på sørsida av noverande steinkvelvbru kan ein sjå ei hylle i fjellet. Ein må rekna med at ei gamal bru har lege på denne hylla.

LOKALE BRUBYGGJARAR

Steinkvelvbruene vart og bygt av lokale folk. Det har vore svært dyktige murarar, noko som ein finn att mange stader i Teigdalen. Me veit at Nils Flansås Lien var ein av dei som var med og bygde. Det som er spesielt med desse 2 bruene, er den slake bogen. Ein kjenner ikkje til andre bruer her i landet med så "flat" boge. Styrken har dei like fullt. Bruene er no meir enn 120 år gamle, og ein kan ikkje finna svake punkt på nokon av dei. Alt tyder på at dei vil stå i fleire hundre år framover. Bruene er bortimot vedlikeholdsfrie. Det einaste som kan gjera skade på dei, forutan flaum, er trøter som kan veksa inn i konstruksjonen. Det er difor viktig å hindra at det skjer.

Då bruene vart bygt starta ein lang strid mellom bygdefolk og heradsstyret i gamle Evanger herad. Bondene i øvre Eksingedalen hadde vedlikeholdsplikt på vegen i Teigdalen saman med Teigdølene. Men vegen gjennom dalen var skral, og det var stor trong for ny veg med nye bruer. Eit møte på Mestad i 1886 var opphavet til striden. Amtet betalte litt av kostnadene med ny veg og nye bruer, eit såkalla amtsbidrag. Men ein stor del av kostnadene vart lagt på oppstjarane. I tillegg til dei to steinkvelvbruene vart det og planlagt å byggja ein bru på Mestad. Denne vart bygt i stål, om lag på same tid som dei 2 i stein. Det var diskusjon om Fadnes bro skulle byggjast i tre eller i stein. Mot ei stemme vedtok heradsstyret at denne skulle byggjast i stein. På møtet på Mestad vart det skrive at bondene i Teigdalen skulle stå for bygging av ny veg, medan bondene i Eksingedalen skulle ha ansvar for bruene. Dei skulle svara for ein stor del av utgiftene til brua, her eradet gav garanti. Men på det møtet vart det ikkje skrive noko om at Fadnes bro skulle byggjast i stein. Dette vart ein vesentleg kostnadsauke. Ei trebru kunne oppførast til ein kostnad på mellom 800 og 900 kroner, medan det førelåg anbod på steinkvelvingsbru på kr

1700. Dette var årsak til ein langvarig strid, som varde i 25 år. Dette kan du lesa meir om i årboka til Vassvøri sogelag, "Frå fjell til fjord" 2006: "Steinkvelvsbruane på Teigdalsvegen" av Helge Bergo.

UTVIKLINGA AV FADNES BRO

Etter kvart som bilane tok over transporten fyrst på 1900-talet, vart brua i smalaste laget. I 1928 vart det bygt ei ny bru oppå den gamle, ved at det vart murt nye landkar i stein og det vart lagt stålbjelkar som berande konstruksjon. Sannsynlegvis vart det og støypt eit betongdekke oppå stålbjelkane. På 1970-talet vart vegen på nordsida av brua utvida ved at ein sprengde større breidde i fjellskjæringa. Samstundes vart det støypt nytt dekke i betong, med større breidde og med sidekantar som fungerte som rekkverk. Nokre år seinare vart det og montert stålrekkverk oppå desse betongkantane. Med dette vart den opprinnelege brua knapt synleg. I 2006 vart det så bygt ny bru ved sida av den gamle, og med dette gjekk den gamle brua ut av bruk. No låg her 3 generasjonar bruer på same staden. I 2013 vart brua frå 1928 med betongdekke og stålbjelkar fjerna, dette mellom anna etter påtrykk frå Vassvøri sogelag og Hordaland Fylkeskommune. I 2014 vart den opprinnelege brua restaurert, med nytt grusdekke, nytt smijersrekkverk og stabbesteinar på begge sider. Etter vel 120 år står brua no fram att om lag slik den såg ut då den var ny tidleg på 1890-talet. Her kan du ta ein pause og nyta synet av eit bygverk som bygdefolk i Teigdalen kan vera stolte av, og som nye generasjonar kan læra av: Ein byggjemåte som er gått ut av bruk, men som viser seg å vera ein av dei beste og sterkaste konstruksjonar som menneska har lært seg å byggja av materialar ein finn i naturen.

SKRIFTLIGE KJELDER:

Helge Bergo:

"Steinkvelvsbruane på Teigdalsvegen", "Frå fjell til fjord" 2006.

Knut Hjørnevik: "Postvegen gjennom bygda og litt meir",

"Frå fjell til fjord" 2007

Svein Magne Olsen: "Bruer og brubygging i Rogaland"

THE DEVELOPMENT OF FADNES BRIDGE

In the early 20th century, as cars took over as the main mode of transport, it was obvious that the bridge was too narrow. In 1928 a new bridge was built on top of the existing one by building new abutments in stone and laying down steel beams as the supporting structure. A concrete cover was almost certainly also poured on top of the steel beams. In the 1970's the road north of the bridge was expanded by blasting a larger rock cut. At the same time a new broader concrete cover was made, with edges functioning as curbs. A few years later steel railings were mounted on top of the concrete edges. The original bridge was barely visible any more.

In 2006 a new bridge was built alongside the existing one, and the old bridge was made redundant. Now there were three generations of bridges sat at the same place. In 2013, after pressure from Vassvøri Historical Society and Hordaland County Administration, the 1928 bridge with the concrete cover and steel beams was removed. In 2014 the original bridge was restored, with a new gravel surface, wrought iron railings and guard stones on both sides.

After over 120 years, the bridge now appears in almost exactly the same condition as when it was new, in the early 1890's. Here you may take a moment to enjoy a construction that the villagers of Teigdalen can be proud of, and that new generations can learn from: A construction method that is no longer in use, but that results in being one of the best and strongest constructions ever built from purely natural materials.

WRITTEN SOURCES:

Helge Bergo: "Steinkvelvsbruane på Teigdalsvegen",

"Frå fjell til fjord" 2006.


Knut Hjørnevik: "Postvegen gjennom bygda og litt meir",

"Frå fjell til fjord" 2007

Svein Magne Olsen: "Bruer og brubygging i Rogaland"



Fadnes Bro / Fadnes Bridge



Straumabrua / Straume Bridge